

*Norsk
Billedbog
for Børn*

Barndommen gjer inntog i bøkene

☞ Fleire bilete frå 1700-talet framstiller barn som miniatyrutgåver av vaksne. Men mot slutten av hundreåret fekk det å vere barn status i seg sjølv, først i dei høgare samfunnslaga, seinare også blant vanlege folk.

☞ Ein av dei første norske forfattarane som skreiv for barn, var Henrik Wergeland. I 1840 gav han ut boka *Vinterblommer i Barnekammeret*. Boka inne-



«Enfants de Charles-Emmanuel III» (1731), måla av Maria Giovanni Clémenti.

Slik vart barn i dei høgare samfunnslaga framstilte i første halvdel av 1700-talet.

heldt songar, dikt og eventyr. Tekstane til Wergeland skilde seg ut frå tidlegare bøker for barn fordi han prøver å sjå verda med barneauge:

*Himlen er min Hætte.
Hvem tør paa den lætte?
Jorden er min Sko;
Skogen er mit Bo;
Korset er mit Sværd;
det gi'er Fattigmand Ridders Værd.*

☞ Men på same tid ser vi at diktaren har eit klart pedagogisk siktemål. Formålet er først og fremst opplysning og oppseding, og den moralske overtonen er tydeleg. Barna skulle bli gode norske samfunnsborgarar:

*Gid jeg da snart maa blive stor
– Jeg har saalænge biet –
at tappert jeg kan værne for
min Faders dyre Frihed!
Og skulde Nogen vel med Magt
faa Fædrelandet ødelagt?
Hvert Liv, min Fader jo har sagt,
er til dets Frelse viet.*

Dei gode føredøma

☞ Også kvinner frå embetsstanden skreiv forteljingar for barn. Somme barnebøker var illustrerte, og formålet med illustrasjonane var truleg å motivere barna til å lese.



☞ Eit eksempel på ein slik tekst er barneboka *Den kloge Spids. En Billedbog for Børn* (1846). Boka er illustrert med i alt 16 bilete av hunden Spids. Nokre av dei er fantasibilete der hunden har fått menneskelege eigenskapar. Boka inneheld små versforteljingar om den vesle, men

modige hunden Spids, som kan hamle opp med både ulvar og røvarar. Kvar forteljing sluttar med ei oppsummering som tydeleg viser at formålet med teksten er moralsk og religiøs oppseding:

*Hvo andre frir av Nøden du,
Han efterkommer Herrens Bud
Gjør dig fortrolig òg med Døden,
men haab paa Frelse midt i Nøden*

☞ Innholdet er presentert som ein samtale mellom den vaksne og barnet. Denne typen litteratur kallar vi òg guvernante-litteratur. Andre norske bøker i same sjangeren er *Aftenerne paa Egelund* (1852) av Hanna Winsnes og songboka *Kom skal vi synge* (1905) av Margrethe Munthe:

*Nei, nei gutt,
dette må bli slutt!
Ikke storme inn i stua
før du har fått av deg lua!
Glemte du det rent?
Det var ikke pent.*

Frå illustrert tekst til biletbok

☞ I den nasjonalromantiske perioden gjer eventyr, rim og regler frå den munnlege forteljartradisjonen inntog i barnelitteraturen. Asbjørnsen og Moe omtaler den første eventyrsamlinga si som *Norske Folke- og Børneeventyr* (1840). Eventyra har ei munnleg form, og heilt fram til våre dagar har dei vore mykje lesne og fortalde for barn.



☞ For dei fleste av oss er Theodor Kittelsens illustrasjonar av dei norske folkeeventyra uløyseleg knytte til Asbjørnsen og Moes eventyr, enda om desse illustrasjonane først kom ved hundreårsskif-

tet. Det var Kittelsen som skapte biletet av det norske trollet, slik dei fleste av oss tenkjer oss det i dag. I dyreteikningane hans har dyra menneskelege eigenskapar. Her ser vi kimen til seinare norske teikneseriar som *Smørbukk* og *Tuss og troll*.

☞ Først i 1888 kom den første norske biletboka ut. Ei biletbok skil seg frå ein illustrert tekst ved at det er bilete på alle sidene, og bileta er like berande for innhaldet som teksten.

☞ Vi skil mellom to typar illustrasjonar:

- *Forklarande illustrasjonar* har til formål å utdjupe og forklare verbalteksten (orda).
- *Fortolkande illustrasjonar* gir uttrykk for korleis teksten skal oppfattast. Denne typen illustrasjonar gir informasjon som vi ikkje finn i verbalteksten. På den måten er dei med på å utvide innhaldet.



Meisterteikarane i folkeeventyra

Norsk Billedbog for Børn


☞ I 1888 gav forfatteren Elling Holst og illustratøren Eivind Nielsen ut den første norske biletboka for barn med fargebilete. Boka kom i ny utgåve i 1890, og seinare også i 1903.

☞ Boka inneheld ei samling av munnleg tradisjonsstoff som barnerim, regler og folkeviser. Dei er nedskrivne i eit munnleg, dialektfarga språk. Men vi finn også utdrag frå dikt og songar av kjende forfatarar som Henrik Wergeland, Bjørnstjerne Bjørnson og Aasmund Olavsson Vinje.

☞ Motiva til illustratøren Eivind Nielsen er henta frå kvardagslivet og frå norske folkeeventyr. Inspirasjonen fekk Eivind Nielsen frå illustrerte utgåver av dei tyske eventyra.

☞ Illustrasjonane er nyskapande på den måten at dei står på eigne bein og fortel

den same historia som rima, reglene og songane ved hjelp av visuelle verkemiddel. Teikningane inngår i eit ornamentalt rammeverk med motiv frå norsk natur.



Rim og regler for barn



*By by barne!
Gryta hænger i jarne,
koker liten fløtegrøt
til det vesle barne!*



*Kraaka sitter paa garestaur,
skriger etter en kvasstein.*

— «Haa vil du med kvasstein?»

— «Sliba ljaa!»

Haa vil du med ljaa?

— «Skjæra gras!»

«Haa vil du med gras?»

— «Gjeva ku!»

«Haa vil du med ku?»

— «Mjelka mjelk!»

«Haa vil du med mjelk?»

— «Ysta ost!»

«Haa vil du med ost?»

— «Gjeva prest!»

«Haa vil du med prest?»

— «Døba baadn!»

«Haa vil du med baadn?»

— «Slompa dei op i en skjørholk!»

*Nei du skal vist ingen faa
hverken store eller smaa,*

te slompa dei op i en skjørholk!»

Litterære tekstar for barn

☞ I dei litterære tekstane grip den vaksne stemma i større grad inn med ein moraliserande peikefinger. Eit eksempel er diktet «Bekken går i Engen» av Henrik Wergeland. På overflata er dette eit naturdikt, men naturen blir brukt til å formidle ein klar bodskap om hygiene. God hygiene blir attpåtil eit spørsmål om god moral når diktaren hevdar at englane i himmelen liker godt at små barn vaskar seg.



*Bekken går i engen,
bekken godt seg morer nok.
Springer over rot og stokk,
og over høye stener.*

*Bekken ler bak grener,
hør den ler i gresset godt.
Alt hva der er sort og grått
kan bekken ikke like.*

*Liten bekk vil gnide
stenens stygge ansikt hvitt,
vasker den så jevn og tidt
med bølgene som glider.*



*Ren den blir med tiden,
om den ikke bliver hvit.
Den gang stenen trillet dit,
da var den sort og muldet.*



*Nå er den som gullet.
Ren som gull jeg også blir,
blott du, lille bekk, meg gir
i hånden kun en dråpe.*

*Jeg kan lenge rope,
bekken gjør dog ikke stopp,
løfter ei en dråpe opp
og øser meg i hånden.*

*Men på siljevånden,
voksende på bekkens bredd,
hopper liten erle ned
og dypper hele vingen.*

*Hjelp deg selv, er tingen!
Det har jeg av fuglen lært.
Bekken har meg vann forært,
men selv jeg må nok ta det.*



*Nå kan fuglen jage
rundt i himmelen med lyst.
Se, hvor strålende dens bryst
de friske vinger fører.*

*Jeg som den vil gjøre.
Hånden vil jeg dyppe ned,
vaske den og ansikt med,
så det tar ingen ende.*

*Så tør jeg det vende
freidig dit hvor fugler flyr,
se, om ei blant himlens sky'r
jeg kan små engler kjenne.*

*Milde blikk de sender,
når de ser at jeg er ren,
som den klare edelsten
som kan i mørket brenne.*

Forteljingar om barndom på 1800-talet



*Reiar skulde ut aa gjæte
i vont vær aa væde.*

*Tyttebær og krækling var Reiar sin mad,
altid sad Reiar paa tua og kvad,
tua var Reiar sit sæde.*

☞ Dette vesle verset fortel historia om korleis barndommen var for dei som ikkje tilhørde dei privilegerte klassane i Noreg sist på 1800-talet. Barna måtte tidleg ut i arbeid. Ei vanleg oppgåve for barn var å gjete buskapen. I skogen var det både bjørn og ulv, og mang ein sjuåring sat nok «på tuva og gret». Men illustrasjonane syner òg ei anna form for barndom. Barna til borgarskapet er kledde i matrosdressar og fine kjolar og leikar trygt i stover der bordet bognar av alle slags gode retter.



*Reiar skulde ut aa gjæte
i vont vær aa væde.*

*Tyttebær og krækling var Reiar sin mad,
altid sad Reiar paa tua og kvad,
tua var Reiar sit sæde.*





☛ Barna vi møter i *Norsk Billedbog for Børn*, er barn og ikkje små vaksne. Daglegliv og fantasi går hand i hand både i tekstar og illustrasjonar på ein måte som appellerer til små barn. Rim og regler har ofte ein humoristisk undertone, og dei er skrivne i eit språk som ligg nær opp til det talemålet barna kjenner.

☛ I Jørgen Moes barnebok, *I Brønden og i Tjærnet* (1850), møter vi eit borgarleg samfunn der det å vere lydig mot dei vaksne er resepten på eit godt liv. Barndommen til jenter og gutar er ulik. Beate er snill og føyeleg, med nyvaska andlet og kvit ballkjole. Universet hennar er heimen, der ho har omsorg for dokka Lille-Beate. Broren, Viggo Viking, er ein ekte villstyring som jagar høns og ender med øks i handa, og som endar med å halshogge Lille-Beate på ekte vikingvis. Dette klassiske kjønnsrollemønsteret finn vi att i mange seinare barnebøker, for eksempel i boka *Emil fra Lønneberget* av Astrid Lindgren. Emil er ein skikkeleg rakkarunge og skøyar, mens veslesystema Ida er snill og grei.



«Dukken under
nypetornbusken»


Lærebøker for barn på 1800-talet

☞ I 1739 vart det vedteke at barn hadde plikt til å gå på skule. Skulen skulle først og fremst gi konfirmasjonsopplæring. Frå 1848 omfatta «Lov om Almueskole» også barn i byane.

☞ Den nye skulelova av 1860 gav skulen eit utvida mandat. I tillegg til å gi barna ei kristeleg oppseding skulle skulen no sjå til at barna fekk kunnskapar nok til å bli gode statsborgarar. Den første leseboka i skulen var P.A. Jensens *Læsebog for Folkeskolen og Hjemmet*. Mange var kritiske til denne leseboka fordi ho ikkje berre inneheldt religiøse tekstar, men også verdslege.

☞ Med «Lov om Folkeskoler» i 1889 vart historie, naturfag og geografi skulefag

Tysk illustrert ABC-bok frå 1830



med egne lærebøker. Det vart også vedteke at språket i skulen skulle vere norsk, og at lærarane måtte kunne snakke norsk. Norskfaget fekk i det heile ein sentral plass i opplæringa. Som ei følgje av dette vart ei ny lesebok teken i bruk. *Nordahl Rolfsens lesebok* inneheldt litterære tekstar med tydeleg forankring i norsk kultur. Boka var i bruk i norsk skule heilt opp til 1960-åra.

☞ Dei første lærebøkene for barn var utan illustrasjonar. Men etter kvart som barnelitteraturen vart ein eigen sjanger, endra også skulebøkene seg. Alle norske barn skulle lære seg å lese og skrive.


i I dette pedagogiske arbeidet var illustrasjonane viktige.

☞ I 1850- og 1860-åra opna skulelovene for at etniske minoritetar som samar og kvener kunne lære å lese på sitt eige språk. Den første kvenske abc-boka vart gitt

ut i 1867. Løyvet til å la barn frå etniske minoritetar få opplæring på sitt eige morsmål vart oppheva i 1880. Først i 1959 vart det på nytt lov å bruke samisk som undervisningsspråk i skulen.

i *Billed-ABC for Børn* 1854

i *Norsk ABC-bok* 1880



i *Kvensk ABC*

